

STYRESAK

GÅR TIL:	Styremedlemmer
FØRETAK:	Helse Vest RHF
DATO:	27.03.2023
SAKSHANDSAMAR:	Carina Paulsen Mæland og Ola Jøsendal
SAKA GJELD:	Internrevisjon av tvangsbruk i psykisk helsevern- kommentarar frå administrasjonen
ARKIVSAK:	2021/1011 og 2021/1006
STYRESAK:	064/23
STYREMØTE:	14.06. 2023

Innleiing

Etter at internrevisjonen sin rapport om tvangsbruk i psykisk helsevern låg føre i september 2021, har føretaka arbeidd med tiltak. I rapporten frå Internrevisjonen blei det fokusert på ti tiltak. Tiltaka er fulgt opp frå føretaka. Tiltaka som blei tilrådd var:

1. Mål og innsatsfaktorar:
 - Kultur og leiing
 - Samhandling med kommunane
 - Bemanning, kompetanse og rettleiing
 - Fysiske omgjevnader og kapasitet
2. Praksis i samsvar med regelverk
3. Rett registrering på tvers av føretak
4. Vurdera felles rutinar
5. Sikre at rutinar knytt til tvang er oversiktlige, tilgjengelege og gjort kjent hos tilsette
6. Utvide styringsdata og tvangsrapport
7. System for å gå gjennom og diskutere statistikk over tvangsbruk i alle einingar
8. Tydeleggjere at det er viktig å melde avvik og å arbeide med forbetringstiltak
9. Systematisk gjennomgang av episodar med tvangsbruk
10. Pasientretta tiltak som kan førebyggje tvang, som ettersamtalar, kriseplanar, meistringsplanar

Dei fire føretaka peiker alle på at i prosessen med innføring av Dips arena har tvangsrapporten i rapportportalen ikkje blitt oppdatert. Helse Vest IKT har pr ultimo mai fått på plass rapporten igjen, og tal vil ligge føre i neste tertial. Manglande rapport har gjort evaluering av tiltaka mangelfull.

Status, Helse Førde:

Dei fleste tiltak er fulgt opp på ein god måte, detaljar ligg føre i rapport som er oversendt, sjå dokument 12 i sak 2021/1006 i Elements (vedlagt). Helse Førde peiker på at det gjenstår arbeid med tiltak 8 og 9.

Status Helse Bergen:

Alle tiltak er fulgt opp på ein god måte, detaljar ligg føre i rapport som er oversendt, sjå dokument 22 i sak 2021/1006 i Elements (vedlagt)

Status Helse Fonna:

Om lag halvdelen av tiltaka er fulgt opp på ein god måte, detaljar ligg føre i rapport som er oversendt, sjå dokument 17 i sak 2021/1005 i Elements (vedlagt). Helse Fonna peiker på at det gjenstår arbeid med tiltak 1, 2, 3 og 9.

Status Helse Stavanger:

Dei fleste tiltak er fulgt opp på ein god måte, detaljar ligg føre i rapport som er oversendt, sjå dokument 23 i sak 2021/1006 i Elements (vedlagt). Helse Stavanger peiker på at det gjenstår arbeid med tiltak 1, 9 og 10.

Vurdering og vidare oppfølging

Administrasjonen vil særleg ha fokus på oppfølging av tiltak 3 (rett registrering på tvers av føretak), 4 (felles rutiner) og 6 (utvide styringsdata og tvangsrapport). Tiltaka vil bli fulgt opp i regionale møter med leiinga innan PHV i dei lokale føretaka.

Administrasjonen vil også ha dialog med dei lokale føretaka kvar for seg, for å sikre at føretaka arbeider vidare med dei områda som er rapportert å ikkje være handsama tilstrekkeleg. Det kan være hensiktsmessig med ein ny vurdering av status etter første tertial i 2024.

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering

Oppsummering

Internrevisjonen i Helse Vest la fram rapport om tvangsbruk i psykisk helsevern i august 2021, sak 087/21.

Fakta

Rapporten trakk frem at det har blitt gjort eit godt arbeid i helseføretaka med registrering og rett tvangsbruk sidan sist revisjon. Samtidig viste funn at regionen framleis måtte jobbe saman for å redusere uønska variasjon, og at helseføretaka sjølv måtte setje inn tiltak.

Hovudkonklusjon i rapporten

Hovudkonklusjonen i rapporten viste at det sidan 2014 har blitt arbeidd med betre registrering og rett bruk av tvang både regionalt og i alle føretaka.

I rapporten blei det samtidig peikt på at det er behov for å arbeide ytterlegare med å sikre rett og lik forståing når det gjeld i kva tilfelle ein må fatte vedtak om tvang.

Undersøkinga viste og at utviklinga knytt til tvangsbruk varierer, og at det er potensiale for reduksjon i tvangsbruk. For å klare dette meiner internrevisjonen at det må bli etablert betre overordna og heilskapleg styring og kontroll av bruken av tvang, både regionalt og i dei enkelte føretaka.

Kommentarar

Tilrådingar frå internrevisjonen, og kommentarar frå Helse Vest

Internrevisjonen la fram 10 tilrådingar, Helse Vest har kommentert kvart tiltak i tabellen. Alle helseføretaka har handlingsplanar for å redusere bruken av tvang.

NR	Tilrådingar, sitert frå rapporten:	Kommentarar	Ansvar
1.	Helse Vest RHF og helseføretaka bør i større grad konkretisere mål og innsatsfaktorarar knytt til tvang, for å legge til rette for målretta arbeid og god oppfølging og vurdering av utviklinga i tvangsbruken. Under dette må føretaka vurdere kva tiltak som er mest relevante både for å redusere og førebyggje tvangsinnleggingar, vedtak om tvang og andre tiltak, under dette: <ul style="list-style-type: none"> a. Kultur og leiing b. Samhandling med kommunar (m.a. FACT/ACT) c. Bemanning, kompetanse, rettleiing 	<p>I regional plan for psykisk helse er medverknad, val og frivilligheit eit av satsingsområda.</p> <p>Helseføretaka har eigne tiltaksplanar for redusert bruk av tvang der det mellom anna blir jobba med tilrådingar frå internrevisjonsrapporten.</p>	HVRHF og HFa

	d. Fysiske omgjevnader og kapasitet		
2.	Helse Vest RHF og helseføretaka må sikre at praksis knytt til tvangsbruk er i samsvar med regelverket, og at det er ei så lik forståing som mogleg av regelverket i føretaka og i avdelingane knytt til dei utfordringsområda som er identifisert i denne rapporten (sjå punktlista i rapporten sin konklusjon s. 72) og eventuelt andre område som føretaka og Helse Vest RHF er kjent med. Helse Vest RHF bør ta eit særskilt ansvar for å avklare med Helsedirektoratet kva som er rett praksis når det gjeld pasientar som er tilvist frivillig, og som manglar samtykkekompetanse.	Helse Vest har teke initiativ til å få ei lovfortolking av helsedirektoratet på aktuell problemstilling. Det er etablert ei regional ressursgruppe om tvang, der føretaka kan drøfte felles utfordringar, og lære av kvarandre. Helsedirektoratet har utarbeida eit e-læringskurs om samtykkekompetanse som er tilgjengeleg for alle.	HVRHF
3.	Helse Vest RHF og helseføretaka bør arbeide ytterlegare med å sikre rett registrering av tvangsbruk på tvers av føretaka.	Med innføringa av Dips Arena, har det blitt utarbeida ei brukarretteiing for registrering av tvang. Papirprotokollar og den dobbelføringa det medførte er no avvikla, og alt blir registrert elektronisk.	HFa
4.	Helse Vest RHF og helseføretaka bør vurdere om det kan vere føremålstenleg å fortsette med å utvikle og halde ved like felles rutinar og rettleiing for bruk av tvang for å sikre likare praksis og fortolking av regelverk på tvers av føretaka. RHF-et og føretaka bør som del av dette også vurdere å legge betre til rette for erfaringsdeling mellom fagpersonell.	Dei regionale rutinane for registrering av tvang blei tatt ut av bruk når Dips Arena vert innført, Dips Arena utarbeidde eigen brukarretteiing.	HVRHF og HFa
5.	Helseføretaka må sikre at rutinar knytt til tvang er oversiktlege, tilgjengelege og gjort kjent blant dei tilsette.	Helseføretaka ser til at rutinar for registrering av tvang er kjend bland medarbeidarane.	HFa
6.	Helse Vest RHF og helseføretaka bør vurdere å utvide styringsdata og tvangsrapport til å inkludere ytterlegare data slik som lengda på vedtaka og tid på døgnet tvangen blei brukt. Helse Vest	Rapporten om tvang har sidan innføringa av Dips Arena ikkje hatt oppdaterte tall. Dette er noko som helseføretaka etterspør og	HVRHF, HV IKT

	RHF kan også vurdere kva indikatorarar som er mest hensiktsmessige for å måle utvikling i tvangsbruk og tvangsinnleggingar.	som er viktig for å kunne følgje opp tiltaka. Helse Vest IKT har ferdigstilt ny rapport som no er tatt i bruk.	
7.	Helseføretaka bør etablere system for å sikre at statistikk over tvangsbruk blir gjennomgått på avdelingar som brukar tvangsmiddel slik at omfanget av tvangsbruk blir jamleg diskutert og vurdert av den enkelte avdeling.	Arbeidet er i gang, ny rapport er på plass, sjå punkt 6.	HFa
8.	Helseføretaka bør tydeleggjere for dei tilsette viktigheita av å melde avvik, og avvika må følgjast opp. Vidare bør forbetringstiltak som blir iverksett i samband med avvikshandtering, tilsyn, andre hendingar m.m. gjerast kjent for alle tilsette ved aktuell avdeling, og om aktuelt også på tvers, slik at læring av hendingar skjer på alle nivå.	Tilrådinga blir følgt opp i helseføretaka.	HFa
9.	Helseføretaka bør sørge for at episodar med tvangsbruk alltid blir gjennomgått med vedtaksansvarleg og personell som har vore involvert for å kunne lære av situasjonen og vurdere om bruken av tvang kunne vore unngått.	Helseføretaka sjølv kan vurdere om dei vil utarbeide felles rutine for korleis følgje opp pasientar etter tvangsbruk. Helse Vest vil bidra i arbeidet dersom det er aktuelt.	HFa
10.	Helseføretaka bør følgje opp at det blir iverksett og gjennomført pasientretta tiltak som kan førebyggje bruk av tvang, slik som ettersamtalar med pasientar og bruk av kriseplanar/tiltaksplanar for pasientar.	Ettersamtalar etter bruk av tvang er regulert i psykisk helsevernloven, og skal bli følgt opp. Helseføretaka bør gjennomgå eigne rutinar for bruk av ettersamtalar.	HFa